

## Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 17.02.2016

### ORIENTERINGAR

- Orientering om trafikksikrings sak i Mildevegen/Hjellestadvegen v/ Statens vegvesen
- Presentasjon av dei konsultative medlemmene sitt trafikksikringsarbeid
  - Regionalavdelinga (folkehelse), HFK
  - Hordaland politidistrikt
- Orientering. Status trafikkulykker i Hordaland 2015/2016 v/ Statens vegvesen
- Orientering. Pilotprosjekt Trafikksikker kommune v/ Trygg Trafikk

I samband med orienteringa om trafikksikringssaka i Mildevegen/Hjellestadvegen bad FTU om at Skyss vert invitert til eit møte i FTU for å orientere om skuleskyssordninga, med hovudfokus på særleg farleg skuleveg.

Utval for miljø og samferdsel (MISA) handsama politisk sak om *Midlar til punktutbetring og trygg skuleveg 2016* PS 22/2016 den 10. februar 2016. FTU drøfta saka, og bad administrasjonen snarast sende ut eit brev til alle kommunane i Hordaland om tilskotsordninga på 10 mill kr. Brevet skal sendast ut med atterhald om vedtak i fylkestinget i mars 2016. Det vert lagt opp til ei handsaming av søknadane i møte i FTU den 27. april 2016.

Representanten **Astrid Aarhus Byrknes (KRF)** inviterte FTU v/ leiar om å delta på trafikksikringsdagen til Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU) i Nordhordland den 21. april 2016.

Statens vegvesen orientert kort om planlagt kampanje om bruk av bilbelte i buss. FTU v/ leiar vart invitert til å delta.